

NYNORSK LESEGLEDE

i Bokåret 2019 er hovudtemaet for dette nummeret av bladet.

LEIK EI BOK i barnehagen ved hjelp av enkle grep som inspirerer borna. **S. 6**

GOD HØGTLESING har mange fordelar og inga øvre aldersgrense. **S. 12**

NYNORSKOPPLÆRING

NR. 32 | VÅREN 2019 | EIT BLAD OM NYNORSK FRÅ BARNEHAGE TIL VIDAREGÅANDE SKULE



Nynorsk leseglede

TEKST: **Torgeir Dimmen**, leiar for Nynorsksenteret

BOKÅRET 2019 er godt i gang. 30 millionar kroner er fordelte til «bibliotek og andre institusjoner som formidler leseglede i Norge», slik Kulturdepartementet lova då satsinga vart presentert i fjor vår. Over 150 små og store prosjekt har fått pengar. Summane varierer frå under ti tusen til over ein million.

Nynorsksenteret har også fått ein liten del av denne store kaka. Saman med Nynorsk kultursentrum, LNK (Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar) og tre–fire andre samarbeidspartnarar har vi fått midlar til fleire tiltak som skal fremje tilgang til og bruk av nynorske bøker.

Vi har hovudansvaret for prosjektet *Bok på 1-2-3*. Dette kan du lese meir om på neste side. Nynorsksenteret skal også leie arbeidet i ein jury

som skal finne fram til eit knippe gode nynorske barne- og ungdomsbøker som kan tilrådest spesielt.

Meir blest om gode nynorske bøker trengst. Altfor mange lærarar og foreldre har for dårleg kjennskap til det tilbodet som faktisk finst. Vaksne tyr ofte til bøker dei kjenner til frå eigen oppvekst, eller til nokre få forfattarar som har fått mykje merksemd dei siste åra. Utvalet bør utvidast, både i klasserom og barnerom.

Å fremje leseglede, slik kulturministeren har som mål for Bokår-satsinga, er sjølvsagt bra. Særleg dersom det gir folk lyst til å lese fleire bøker på nynorsk. Ekstra viktig er det for born som har nynorsk som hovudmål. Dei badar dagleg i skriftlege og munnlege tekstar på bokmål og

engelsk. Nynorsk ser dei nesten berre i lærebøkene på skulen – og knapt nok der. I dagens nett- og skjermbaserte undervisingstilbod er det som kjent fint lite nynorsk å sjå.

Bokmåselevane har endå færre førebilete å ty til når dei skal lære sidemålet sitt. Motivasjonen og resultatane blir ofte deretter.

Både nynorsk- og bokmåselevar treng å sjå og lese fleire tekstar på nynorsk, helst med tilhøyrande undervisningsopplegg. Nynorsksenteret har i alle år laga læringsressursar med dette utgangspunktet, og vi har i dag mange litteraturformidlingsressursar for ulike målgrupper. Dei to Bokår-prosjekta våre er eit godt supplement i dette tilbodet.

NYNORSKOPPLÆRING nr. 32, 13. årgangen

BLADSTYRAR: Ingvild Myklebust Hovden
FORMGJEING: Arild Torvund Olsen
SPRÅKVASK: Aud Søyland og Arild Torvund Olsen
SKRIFTER: Auto og Dolly
PRENTEVERK: Tinde design & trykk AS
FRAMSIDE: Marianne Gretteberg Engedal
ISSN: 1890-3975
ISSN FOR NETTUTGÅVA: 1891-1633

NYNORSKOPPLÆRING vert gjeve ut av Nynorsksenteret.
Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten.
Hugs å sende med namnet og adressa di!

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa
Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda

www.nynorsksenteret.no

I 2019 vert Bokåret markert i Noreg.
I år skal leseglede formidlast ut til deg!

Bok på 1-2-3

TEKST: **Guro Kristin Gjøsdaal** FOTO: **Ingvild Myklebust Hovden**



Guro Kristin Gjøsdaal, høgskulelektor ved Nynorsksenteret, og Ida Kornberg, formidlar i Ivar Aasen-tunet.

Opplegga ligg på www.nynorskbook.no/category/123/

NYNORSKSENTERET og Nynorsk kultursentrum, Ivar Aasen-tunet, er nasjonale aktørar som tek utgangspunkt i det nynorske i Bokåret. I Bok på 1-2-3 ønskjer vi å vekke interesse for nynorske barnebøker med ulike tema. Vi har valt ut ni barnebøker som vi vil presentere i bokåret. Vidare utarbeider vi undervisningsopplegg som er enkle å ta i bruk. Dei skal vere prega av tverrfagleg læreglede, leik og undring. Bøkene vert tilgjengelege

for strøyming i kvar sin månad slik at lærarar og andre kan bruke dei på storskjerm. Boktipsa og undervisningsopplegga vert tilgjengelege på Nynorsksenteret og Ivar Aasen-tunet sine nettsider utover dette. Målgruppa for Bok på 1-2-3 er barnetrinnet, men bøkene inviterer også til analyse av tekst og bilete. Såleis høver dei også for dei eldste i grunnskulen. ■

Innhald

Nynorsk leseglede av Torgeir Dimmen	S. 2
Bok på 1-2-3 av Guro Kristin Gjøsdaal	S. 3
Literacy i opplæringa av Hjalmar Eiksund	S. 4
Leik ei bok med dei yngste av Liv Kristin Bjørlykke Øvereng	S. 6
Grøss og gru av Reidun Kydland	S. 8
Når forfattaren kjem på besøk av Kristin Kibsgaard Sjøhelle	S. 10
Den nynorske språksongen av Helle Ørbeck	S. 12
#bokaerbestute av Liv Astrid Skåre Langnes	S. 14
Nynorsk på 1-2-3 av Arild Torvund Olsen og Kristoffer S. Mathisen	S. 16

– Barn og unge treng å lære kritisk literacy, seier Marte Blikstad-Balas. Ho var ein hovudinnleiarane på NOLES-konferansen, som for tredje gong vart halden på Schæffergården i Danmark.

Literacy i opplæringa

TEKST: **Hjalmar Eiksund** FOTO: **Esben Kamstrup**, Skrivesenteret



Professor Marte Blikstad-Balas frå Universitetet i Oslo.

HEILT SIDAN innføringa av *Kunnskapsløftet* i 2006 har vi som lærarar måtta ta stilling til literacy-omgrepet. Kjell Lars Berge omtalte i 2005 den komande læreplanen som ei literacy-reform, med grunngeving i at arbeidet med dei grunnleggjande ferdigheitene no var skrivne inn i læreplanen for alle fag.

Sidan den gong har bruken av omgrepet vakse, og trass i fleire forslag til norske erstattarord, bruker forskarar framleis den internasjonale varianten «literacy» om arbeidet med grunnleggjande ferdigheiter. Vi kan lese om literacy-ferdigheiter og literacy-praksisar, om framdyrking av gode eller dårlege literacy-miljø, om literacy-undervisning og om literacy-hendingar eller literacy-erfaringar. Det finst også eigne forskartradisjonar som mellom anna tar for seg digital literacy, tidleg literacy og kritisk literacy.

Men bruker alle forskarar omgrepet på same måte? Og kva meiner vi eigentleg når vi snakkar om literacy i opplæringa? For norske lærarutdannarar er det viktig å ha ei felles forståing av kva ein legg i omgrepet, og like viktig er det å bli kjent med korleis andre arbeider for å fremje dei grunnleggjande ferdigheitene i skulen.

Det er dette NOLES-nettverket arbeider med. NOLES er leia av Skrivesenteret, Lesesenteret og Nynorsksenteret, og arrangerer samlingar for lærarutdanningane i Noreg. I mars 2019 var NOLES vertskap for konferansen «Literacy i opplæringa», der 75 forskarar og lærarutdannarar frå Noreg og Danmark fekk leggje fram og diskutere arbeida sine med kvarandre. Konferansen var i samarbeid med Nationalt Videncenter for Læsning i Danmark.

Kritisk literacy

Konferansen starta med to faglege innlegg frå kvar sin kant av verda.

Det første var ved professor Marte Blikstad-Balas frå Universitetet i Oslo. Ho tok mellom anna opp at barn og unge treng opplæring i å tenke kritisk over innhaldet i ulike fagtekstar. Ho syntre korleis ei opplæring som i hovudsak blir basert på skuleboktekstar, kan gjere elevar uskikka i møte med tekstar og ytringar i den verkelege verda. Ho løfta fram korleis vi som lærarar må arbeide for at elevane skal kunne skilje mellom meiningspropaganda og fagleg formidling.

Professor Rick Kern frå Universitetet i California, Berkeley, viste i sin presentasjon korleis teknologien gjennom alle tider har vore med og forma måten ytringar har blitt formidla på. Frå kileskrifta på leirtavlene i det gamle Mesopotamia, via loddrette bambus-pinnar i Kina, til dei raske skjermtekstane vi ser i dag. Heile tida har framveksten av nye skrivetknologiar gitt brukarane nye moglegheiter for kommunikasjon, men kvart medium har sine klare avgrensingar.

Det er skulen si oppgåve å trene elevane opp til å meistre dei teknologiane vi omgir oss med, til nytte for kvar enkelt, men også for samfunnet.

Faglege framlegg og forskingsplakatar

Hovuddelen av NOLES-konferansen var likevel seminara der lærarutdannarar og forskarar fekk innsyn i arbeidet til kvarandre. Flesteparten av deltakarane hadde eitt eller fleire innlegg for kvarandre. Alle innlegga tok føre seg literacy og utdanning på eitt eller anna vis. Mellom anna literacy og identitet, tverrfagleg literacy, ulike former for utfordringar knytte til fleirspråklegheit, tidleg lesing og skrivning, lærebokanalysar og literacy i lærarutdanninga. Mangfaldet i tema understrekar at literacy-forskinga i Noreg og Danmark tar for seg mange ulike delar av opplæringa.

Framlegga vart presentert på tre ulike måtar. Anten som forskingsplakatar, som eigne faglege presentasjonar eller som ein presentasjon etterfølgd av ein fagleg samtale med ein av hovudinnleiarane.

Literacy som perspektiv

Professor Atle Skaftun frå Universitetet i Stavanger avrunda tredagars-konferansen med eit tilbakeblikk på dei siste femten åra med literacy.

Han peika mellom anna på at den allsidige bruken av literacy-omgrepet truleg kjem av at det femner breitt. Breie omgrep gjer det mogleg å gripe og snakke om komplekse samanhengar. På den måten kan literacy-omgrepet fungere som eit verktøy for å skaffe nye faglege perspektiv – som eit utgangspunkt for å diskutere korleis ein til eignar seg ulike språkpraksisar.

Språket er med på å definere måten vi ser omverda på. Tilgangen til språk er dermed avgjerande for eiga utvikling, og måten vi som enkeltmenneske tileignar oss språkkompetanse på. Literacy omfattar slik mykje av det vi arbeider med i skulen, og bruken av omgrepet gjer det slik mogleg å diskutere relativt komplekse prosessar knytte til læring generelt og språklæring spesielt. ■

*Innlegga frå konferansen
finn du på nettstaden
noles.skrivesenteret.no*

Høgtlesing og leseaktivitetar er sentrale for mange sider av barns utvikling, og samanhengen med lek er nærliggande.

Leik ei bok med dei yngste

TEKST: **Liv Kristin Bjørlykke Øvereng** FOTO: **Ingvild Myklebust Hovden**



DEI MINSTE BARNA sansar og erfarer gjennom kroppen, og det å bruke kroppen og sansane er viktig i barns utvikling. Barn kan gå fysisk inn i eit litterært univers og møte fysiske figurar som dei har blitt kjende med gjennom bøkene (Solstad et al, 2018, s. 131). Barn kan skape mening gjennom kroppsleg kommunikasjon og leik utan å ha eit munnleg språk. Når barn deltek i leik som engasjerer dei, og leik der dei får vere med på å skape ei forteljing, slik dei gjer i liksom-leik, får dei erfaringar som også støttar språkutvikling og tidleg litterasitet (Wasik, Bond, & Hindman, 2006).

Barn hentar gjerne leiketema frå litteraturen. Gjennom leik bearbeider og tileignar barn seg strukturar og rammer for forteljingar som dei har nytte av når dei skal produsere eigne forteljande tekstar eller få tak i innhaldet i det dei les (Matre, 2009, s. 83). Når ein les bøkene fleire gongar, får barna eit felles utgangspunkt for å gå vidare inn på ein leikearena.



Her kjem døme på korleis bruk av enkle grep til forteljinga kan inspirere til leik blant dei yngste barna.

Kvar er mamma mi?

Den vaksne pedagogen set seg på golvet på eit teppe i lag med 4–5 barn. Dei har eit teppe rundt seg forma som ein sirkel. Den vaksne byrjar å lese om den vesle ugla som dett ut av reiret sitt. Ho dett langt ned på bakken og er ganske forvirra og litt redd. Og ho byrjar straks å leite etter mammaa si. Eit lite ekorn kjem og hjelper den vesle ugla med å leite etter mammaa. Ugla går og spør: Kvar er mamma mi? Dei finn mange dyr som ikkje er mora, og til slutt så finn dei også mammaa. Der er mamma mi, seier den vesle ugla glad.

Plutselig så hoppar ei av jentene ut av reiret, akkurat slik ugla i forteljinga dett ut av reiret. Jenta spring rundt i rommet, ser seg litt rundt, ser på bileta som heng på veggen, før ho kjem tilbake til reiret og seier: «Der var du, Mari mi.» (Mari er veninna.) Fleire av barna hoppar også ut av reiret og kjem tilbake, og fleire av barna blir med på leiken. Det vart etter kvart trongt i reiret.

Pedagogen brukar ei enkel fysisk tilrettelegging, og når ho set seg i sirkelen, trer ho inn i ei imaginær verd. I denne verda er teppet reiret, og ho inviterer barna inn i fantasiverda. Dei sit i reiret og les om ugla som fell ut, og som går rundt i skogen og leitar og seier: «Kvar er mamma mi?» Pedagogen byr på ein leikearena, og barna grip denne. Barnehagerommet blir omforma til eit imaginært rom, og handlinga lever vidare i rommet. Opplevinga av å sitte i reiret i lag, falle ut av reiret og leite etter mora si, for så å kome tilbake og finne henne byr

på sanslege erfaringar. Jenta som spring ut av reiret, lever seg inn i forteljinga, og den fysiske aktiviteten i rommet der fleire barn følgjer etter, bidrar til ei kroppsleg og sanselig erfaring.

Andre bøker å leike i lag med dei yngste

MOPP OG MIKKO ELSKAR DYR: Etter å ha lese boka byrja nokre av barna å dra på to stolar. Stolane var traktor og hengar, og vi gjekk på jakt etter dei som skulle sitte på hengaren. Leiken utvikla seg til å vere dei dyra som skulle få sitte på, og når det var ein slange, så kraup han under og over stolane.

BØ OG BÆ TIL SJØS: Med teppe og korg på golvet var barna og pedagogen på båttur. Barna rodde i båten, sumde i vatnet, laga mat og hadde piknik med ei korg og eit teppe.

Bøkene er prøvde ut i samarbeid med barnehagar i prosjektet *Frå bok til leik*. ■

Kjelder

- Matre, S. (2009). Leik og språk. I J. Smidt, *Norskdidaktikk, ei grunnbok* (3. utg.). Oslo: Universitetforlaget.
- Solstad, T. (2018). *Lesepraksiser i barnehagen: inn i litteraturen på mange måter*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Wasik, B.A., Bond, M.A., & Hindman, A. (2006). The Effects of a Language and Literacy Intervention on Head Start Children and Teachers. *Journal of Educational Psychology*, 98(1), 63–74.
doi: 10.1037/0022-0663.98.1.63

Vil du lese spennende og skumle historier med uløste spørsmål og uventa hendinger? Grøss og gru-serien byr på nettopp slike forteljingar, der ungdommar med spesielle evner er hovudpersonar. Sjølvstendig skjer det noko overnaturlig, samstundes som det også handlar om venskap og det å høyre til.

Grøss og gru

TEKST: **Reidun Kydland** FOTO: **Ingvild Myklebust Hovden**



DEI FIRE ROMANANE som er utgitt i Grøss og gru-serien til nå, passar for alle som vil ha ei god leseoppleving, men særleg for dei som ikkje har mot til å ta fatt på ein tjukk roman. Språket er enkelt og lett forståeleg, samstundes som vi får den spenninga vi forventar.

Hovudpersonane

Alle hovudpersonane i dei fire romanane, to gutar og to jenter, er ungdommar som til dagleg går på skolen og lever vanlege liv. Dei et middag saman med familien og treffer venner på fritida. To av dei har nettopp flytta til ein ny stad. Likevel er dei ikkje heilt som vanlege ungdommar, dei har alle saman særlege evner. Dei sansar noko som andre ungdommar ikkje ser og høyrer, og dei har ulike former for kontakt med folk som er døde. Ikkje alle er like medvitne om evnene sine, og forstår ikkje heilt kva dei opplever. Dermed opplever ungdommane denne kontakten som skummel, som noko dei ikkje har grep om, og som dei trur kan vere farleg for dei. Dei er også i tvil om det dei ser, er verkelege og levande personar. Til liks med helten i eventyret kan dei ikkje kome seg unna dei prøvene dei blir stilte overfor.

Dei døde

Dei døde syner seg ikkje for ungdommane utanom på spesielle stader. Kevin i *Den tolvtte spelaren* treffer sin gjengangar i garderoben etter fotballtreninga, medan Hanna i *Den svartkledde jenta* blir følgd etter av ei jente som alltid stoppar på brua over elva og skrik noko der. Den farlege og skumle staden er ein stad der ein ikkje bør gå, og ein stad det knyter seg historier til. Hanna må gå forbi den gamle prestegarden, Simon i *Død eller levande* må halde seg unna Bekkedalen med tyskarbrakkene, og Selma i *Den andre søstera* må halde seg unna den uttørka elvedalen. Sjølv sagt gjer dei ikkje



Bøker i serien

Tor Arve Røssland: *Den tolvtte spelaren* (2018) • Laura Djupvik: *Den andre søstera* (2018)
Lars Mæhle: *Død eller levande* (2018) • A. Audhild Solberg: *Den svartkledde jenta* (2019)

*Du finn undervisingsopplegg og oppgåver til bøkene på sida
nynorsksenteret.no/ungdomsskule/sjonnlitteratur/gross-og-gru*

det, for det handlar også om å utforske grenser og utfordre seg sjølv.

I tre av romanane er gjengangaren ein som har vore død i fleire tiår. Dermed kan det vere vanskelegare å finne ut av kven dei er, og kva som skjedde den gongen dei levde. Felles for dei døde er at dei alle har ei dramatisk historie med seg, og dei har ikkje fått ro og rettferd. Ungdommane må ha hjelp av venner, ei eldre dame eller kjelder på biblioteket for å finne ut kva som har hendt. Det som hende i fortida, er med på å kaste lys over hendingar og haldningar i nåtida, og gjer såleis romanane samfunnsaktuelle.

Korleis blir spenninga skapt?

Dei uløyste gåtene eller kriminalsakene frå fortida grip inn i samtida. Det er alvorlege hendingar som drap eller overgrep, og utfordringa for hovud-

personane i romanane blir å finne ut kva som eigentleg hende. Kevin, Hanna, Simon og Selma er på kvar sine måtar utvalde, og dei kan ikkje sleppe unna utfordringa dei får. Dei må gå i møte med uventa hendingar, overnaturlige og uforklarlege krefter, og dei veit ikkje korleis dei skal takle det. Dei blir konfronterte med både vondskap og utnytting, og det er ikkje sikkert at det dei undersøker, får ei endeleg løysing.

Grøss og gru-merkinga av desse romanane signaliserer at vi som lesarar kan ha visse forventningar. Det er ikkje overraskande for oss at hovudpersonane må møte gjenferd, men denne forventninga gjer det også skummelt. Vi kan ikkje ane konsekvensane av desse møta, vi veit ikkje kor dramatisk det kan bli, og vi veit ikkje for sikkert at det kjem til å ende bra. ■

– Er alt klart? Ei lett hektisk stemning kan merkast hos andreklassingane på grunnskolelærarutdanninga ved Høgskulen i Volda denne dagen. Forelesinga dei vanlegvis har i norsk, er bytt ut med forfattarbesøk, og snart kjem ein forfattar innom for å møte studentane. Og planen for økta er klar. Den har studentane sjølve stått for.

Når forfattere kjem på besøk

TEKST: **Kristin Kibsgaard Sjøhelle**, Høgskulen i Volda FOTO: **Ingvild Myklebust Hovden**



Førsteamanuensis Kristin Kibsgaard Sjøhelle ved Høgskulen i Volda førebur lærarstudentane på forfattarbesøk.

«Eg hadde, saman med ei anna, ansvar for å opprette kontakt med forfattaren på vegner av studentane. Då eg prata med henne over telefon, verka ho veldig glad for, og litt letta over, at vi tok kontakt.»

Lærarstudent

FORFATTARBESØK I SKOLEN er eit populært tilbod til elevar og lærarar, også i lærarutdanninga. Det er både spennande og inspirerande å møte personen bak ei bok og å få innsikt i korleis ein skriv skjønnlitterært. For lærarstudentane er det samtidig eit høve til å oppleve korleis det er å få besøk frå nokon utanfor skolen, slik at dei ser kva dette inneber før dei sjølve skal stå i lærarrolla.

Det burde kanskje vere sjølvsgatt at det å ta imot eit besøk er godt planlagt på førehand. Den inviterte bør kjenne seg velkomen, og elevar og lærarar bør få mest mogleg utbyte frå besøket. Men slik er det ikkje alltid. I eit litteraturseminar i regi av Nynorsksementret (2008), fortalde fleire forfattarar om korleis skolebesøka kunne variere veldig. Nokre stadar var lærarar og elevar godt førebudde, dei hadde lese aktuelle bøker på førehand, og læraren la opp til gode dialogar. Andre stadar kunne forfattaren bli møtt med ei forventning om å ha fullt ansvar for økta sjølv, i verste fall utan læraren til stades. Berre det å finne fram til rett rom og rett klasse til rett tid kunne vere krevjande nok.

Desse forfattarerfaringane er bakgrunnen for at lærarstudentane får ei todelt oppleving når dei får ein forfattar på besøk. Dei skal både førebu seg fagleg på ei utvald bok og møte den som har skrive

«Det var veldig spennende å få ansvar for forfatterbesøket, og vi visste vel egentlig ikke helt hvordan vi skulle få det til å gå! Men når alle hadde oppgaver vi skulle gjøre, så gikk det strålende!»

Lærarstudent

boka, men også trene på å ta imot denne gjesten. Avtale om tidspunkt for besøket er sett av meg som faglærar. Oppdraget til studentane er å finne ut kva forfattaren treng for å føle seg godt varetatt, og for å sikre at alle deltar i førebuingane, har studentane delt seg inn i mindre grupper med ulike arbeidsområde.

Studentane er kontaktpersonar og møter forfattaren på avtalt stad. På førehand har dei kome fram til korleis klasserommet skal møblerast best mogleg, kven som skal vere ordstyrar, kven som sørger for at det tekniske er i orden, og kven som tar ansvar for kaffi og noko å bite i. Dei må også på førehand drøfte kva dei vil snakke med forfattaren om, og då har nokre vore ansvarlege for å samle inn spørsmål frå alle. Når økta er over, evaluerer studentane arbeidet sitt, og tilbake-meldingane er eintydige: Det faglege utbyttet er stort, og opplegget gjer studentane bevisste på kva som blir kravd av dei når dei som lærarar skal ta imot besøk.

Når forfattaren kjem inn døra i lag med studentane som har møtt ho på busshaldeplassen, er klasserommet gjort klart til halvannen time med tett kontakt mellom forfattar og studentar. Stolane er plasserte i hestesko, og på tavla står det skrive ei personleg helsing til forfattaren. Gjesten får servert kaffi og nysteikte vaflar, og tar oss med inn i boka med ei høgtingslesing. Etterpå sit studentane klare med spørsmåla sine, og det blir ein interessant dialog om boka dei har lese, om det å skrive skjønnlitterært, om det å vere skrivelærar og om korleis forfattaren opplever møte med elevar og lærarar i skolen. ■

God høgtlesing har mange fordelar og inga øvre aldersgrense. Elevane treng å oppleve nynorsk som noko levande, meiner lærar Helle Ørbeck ved Sørumsand vgs.

Den nynorske språksongen

TEKST: **Helle Ørbeck**, Sørumsand vgs. FOTO: **Ann Helen Buskenes Estenstad**



«I år har eg ein klasse i norsk på vg3, og dei er på ingen måte for gamle til å bli lesne høgt for, sjølv om dei kan køyre eigen bil til skulen.»

Helle Ørbeck

EIT VIKTIG VERKTØY i sidemålsopplæringa mi er å lese høgt for elevane på nynorsk. I år har eg ein klasse i norsk på vg3, og dei er på ingen måte for gamle til å bli lesne høgt for, sjølv om dei kan køyre eigen bil til skulen. God høgtlesing har inga øvre aldersgrense.

Leseprosjekt

Vårt siste leseprosjekt på nynorsk var *Fuglane* (1957) av Tarjei Vesaas. Det er ei bok eg likar godt, men elevane opplever ho som vanskeleg tilgjengeleg både når det gjeld språk og innhald. Mange oppfattar språket som ein ekstra barriere, slik at dei må bruke mykje energi på å avkode orda, og dermed forsvinn innhaldet på vegen.

Eit av mine ønske er at elevane skal bli autonome lesarar på sidemålet. Då kan dei heller nytte energien til å reflektere over innhaldet. Til dømes korleis ein kan vise forståing og empati både med Mattis og Hege, eller korleis romanen stiller viktige spørsmål om kva som har verdi i eit menneskeliv og i eit samfunn. Høgtlesing blei eit viktig steg på vegen mot desse refleksjonane.

Høgtlesing har mange fordelar

Slik eg ser det, har høgtlesing mange fordelar. For det første ønsker eg, som eg allereie har vore inne på, å skape liv i teksten og gje elevane ein melodi til det nynorske språket. Målet er at dei skal kunne tenkje høgtlesinga inn i teksten når dei seinare les tekstar sjølv. Til dømes er eg tydeleg på å leggje inn klåre g-lydar der dei ikkje finst på bokmål, slik at det blir «meg» i staden for «mei». Eg er medviten når eg les at eg ikkje les på dialekt, nettopp for å skape rammer rundt nynorsken.

For det andre gjev situasjonen der vi les høgt, ei unik moglegheit til at vi kan stoppe opp i teksten undervegs. Når alle er på same stad i teksten til same tid, kan eg forklare vanskelege

ord, oppsummere kva som har skjedd, eller kommentere frampeik eller andre verkemiddel som elevane kanskje ikkje legg merke til når dei les sjølv.

For det tredje kan elevane velje korleis dei vil møte teksten. Dei kan kombinere det auditive og det visuelle og følgje med i boka samstundes som eg les, eller dei kan lukke auga og berre lytte. Eg ser at elevane ofte vel kombinasjonen av auditivt og visuelt, dei blar om samstundes som eg, og følgjer med der eg les. Det å halde boka i handa gjev i tillegg eit taktilt element, og det blir vanskelegare å la seg distrahere av andre ting når hendene er oppteikne.

Elevane likte høgtlesing

I etterkant av høgtlesinga frå *Fuglane* kommenterte elevane at dei likte at vi las høgt. Nokre kommenterte at det var lettare å forstå teksten, fordi dei slapp å lure på korleis eit ord skulle uttalast, eller kva det tydde. Andre kommenterte at dei hugsa mykje meir av det vi las saman enn det dei las åleine, og at det er godt å kunne ta pausar i teksten der vi snakkar kort om kva som har hendt. Dei opplevde høgtlesinga ekstra viktig fordi dei syntest boka var vanskeleg å forstå.

Ser og les lite nynorsk

Ei utfordring med å drive sidemålsopplæring sentralt på Austlandet der dei aller fleste har bokmål som hovudmål, er at mange elevar ser og les lite nynorsk i kvardagen. Nynorsk blir ikkje eit aktivt språk i bruk, anna enn i norskfaget. Ein konsekvens av det er at mange ikkje veit korleis nynorsk ser eller høyrer ut. Det gjer at dei ikkje kan nytte språkkjensla si til å finne ut kva som er god nynorsk, slik dei kan bruke kjensler om kva som er godt språk på hovudmålet.

Høgtlesing som metode

Det blir stilt mange krav til kva elevane skal meistre på sidemålet, både i lesing og skrivning. Høgtlesinga er ein av metodane som kan hjelpe dei vidare i utviklinga av språkkjensle og kompetanse på nynorsk. Eg forsøker å lese med innleving, og så jamt eg klarar, utan for mykje unødige pausar og nøling. Det kan vere utfordrande, men på same tid gjev det mykje attende. Kanskje kan eg også tenne eit lite leselys i nokon av dei, og då er det i alle fall verdt det dei gongane eg går ut av timen med litt tørr hals. ■

Tips til høgtlesing

- Skal du lese ei nynorsk bok? Les på nynorsk og ikkje dialekt! Slik får lyttarane inn det nynorske lydbiletet.
- Sjå føre deg det du les. Det byggjer opp spenning og gjer teksten levande.
- Lev deg inn i teksten. Dette skaper dynamisk, variert og naturleg intonasjon.
- Førebu deg. Les eller skumles boka eller kapittelet på førehand.
- Bygg gjerne opp eit repertoar med bøker som du kjenner og les godt.
- På nynorsk bok.no finn du nynorske bøker systematiserte i målgruppe og sjangrar.
- Kos deg!

Dei siste åra har fleire nynorske utebibliotek for barn dukka opp på populære turmål.

#bokaerbestute

TEKST: **Liv Astrid Skåre Langnes** FOTO: **Elleen Gjerde** og **Siv-Merethe Hatlem**



IVAR AASEN-TUNET HAR i fleire år hatt utebiblioteket «Barneboktua» på turmålet Høgetua i sommarhalvåret. Høgetua ligg ein liten gåtur frå museet gjennom skogen. Her har dei fylt to postkasser med nynorske barnebøker. Museet har etter kvart utvida tilbodet med fleire nynorske utebibliotek i kommunane rundt. Alle som kjem til utebiblioteka, kan finne seg ei bok og lese i naturskjøne omgjevnader og så leggje boka tilbake igjen før dei går.

Sogn og Fjordane fylkeskommune lagar turbibliotek i kvar av dei 26 kommunane i fylket. Biblioteka held til inne i dagsturhyttene som dei er i ferd med å setje opp. Hyttene er utstyrte med eit minibibliotek med nynorske bøker til bruk på staden, for å stimulere til lesing og for å gjere god nynorsk barnelitteratur kjent.

Det går også an å lage utebibliotek sjølv. Ein treng berre ei kasse, nokre gode bøker og eit turmål. Ei gjestebok kan også vere kjekt. Kanskje kan det vere eit prosjekt for skulen eller barnehagen i Bokåret 2019? ■



VIL DU HA


TIPS OG OPPDATERINGER
FRÅ OSS?

MELD DEG PÅ

NYHENDEBREVET VÅRT!

nynorsksenteret.no/nyhende-brev

Returadresse: Nynorsksenteret, Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda



Teikna av Kristoffer S. Mathisen

E-VERB: «å følgje», «å hjelpe» og «å leve» er vanlege e-verb på nynorsk. Notidsformene vert difor «følgjer» (ikkje «føl»), «hjelper» (ikkje «hjelp») og «lever» (ikkje «lev»).

Nynorsk på 1-2-3 er eit nynorskkurs i teikneserieform. På www.nynorsksenteret.no kan du tinga gratis klasesett.